



# Møtebok

Sak nr 17/2008

Møtedato: 3.5.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F119

## F119, Nøsen fjellstue – søknad om areal til infiltrasjon

Asplan Viak AS søker på vegne av Nøsen fjellstue om omlegging av to bekker på sørsida av fjellstua. Ved å senke grunnvatnet i eit område med sand- og grusmasse nedanfor fjellstua vil ein kunne etablere 2 infiltrasjonsbasseng for reinsing av avløpsvatn frå 27 - 30 planlagde hytter. Statskog ber fjellstyret om uttale til søknaden.

Omlegging av bekkane vil føre til at bekkeutløpet kjem ned i Storfjorden ca 100 - 125 meter lengre sør. Vidare blir grunnvasstanden senka 1 meter i det aktuelle området. Myra aust for ny bekk vil som følgje av dette bli drenert ut. Området har eit stort nedslagsfelt og det er store vassmengder som renn ut her i vårløysinga. Det har vore problem med å etablere stikkrenner på vegen nedanfor Nøsen og det krev gode tiltak for å sikre vegen om avrenninga blir samla i eitt løp. Ved så stor vassføring vil det ved etablering av nytt bekkeløp vera auka fare for erosjon. Det er viktig at slike anlegg blir utført på med naturleg utforming, at vegetasjon kan etablere seg på nytt og at det blir pynta opp etter gjennomføring.

I følgje reguleringsplanen for Nøsen er området sørvest på felt H avsett til reinsing. Etablering av nytt reinseanlegg utanom regulert område er ikkje i samsvar med kommuneplan og er avhengig av dispensasjon for å kunne gjennomførast. Det skal ligge føre særlege grunnar for at det skal gjevast dispensasjon. Det er i søknaden ikkje orientert om kvifor avsett areal i reguleringsplan ikkje kan nyttast. Tiltak i vatn og vassdrag krev også godkjenning av fylkesmannen og NVE.

Asplan Viak skriv før godkjenning av reguleringsplan at følgjande løysingar er aktuelle for reinseanlegg:

- 1. Benytte jordhauginfiltrasjonsanlegget for Nøsen Fjellstue, og etablere et biologisk kjemisk renseanlegg for reinsing av avløpsvann for de inntil 27 hyttene. Renset avløpsvann etterpoleres i stedlige og tilkjørte løsmasser.*
- 2. Etablere et biologisk kjemisk renseanlegg for reinsing av alt avløpsvann fra Nøsen og de planlagte hytter. Etterpolere renset avløpsvann i eksisterende jordhauginfiltrasjonsanlegg, og på sikt et utvidet infiltrasjonsanlegg.*

I søknad som er til behandling er det ikkje med biologisk kjemisk reinseanlegg.

Kommunen sin saksbehandlar skreiv i saksutgreiing før godkjenning av reguleringsplanen at det er nødvendig med veg for drift av anlegget. Dette var ikkje med i reguleringsplanen fordi det var aktuelt å leggja om vegen. I søknad for nytt reinseanlegg er det ikkje skissert kvar veg skal gå.

Asplan Viak er engasjert for å planlegge nytt reinseanlegg for avløpsvatnet for 27-30 hytter. Det er i reguleringsplan i tillegg godkjent ei større utviding av sjøve fjellstua. Det går ikkje fram av søknaden om fjellstua med utviding kan koplast til det nye anlegget.

Etter fjellstyret bad om fleir opplysningar, kom Asplan Viak med følgjande tilleggsopplysningar i e-post datert 10.1.07:

*Det nye renseanlegget utenfor inngjerdet område på Nøsen er kun tiltenkt nytt hyttefelt på 30 hytter.*

*Eksisterende renseanlegg har vært i drift fra 1999, og det er kun halvparten av renseanlegget (jordfilteret) som har vært belastet med avløpsvann, se forøvrig tilstandsvurdering av renseanlegget i Asplan Viak rapport 513 351 av 14/6-2006. Harald Breiseth har etter dette påbegynt regelmessig dokumentasjon av avløpsvannmengder som tilføres renseanlegget.*

*Den andre halvparten av renseanlegget er tiltenkt en utvidelse på fjellstua. Det er også en viss utvidelsesmulighet nord for eksisterende jordfilter, innenfor gjerdet på Nøsen, som kan disponeres for en utvidelse av Nøsen fjellstue. Området er imidlertid for lite for både Nøsen og planlagt hyttefelt.*

*For mindre turistbedrifter og hyttefelt er det en stor fordel å benytte lavteknologiske renseanlegg som krever lite driftstilsyn, men som samtidig gir svært god renseeffekt. Dette er bakgrunnen for søknaden om et utvidet område for infiltrasjon av avløpsvann.*

Ved offentlig ettersyn av reguleringsplanen uttala fjellstyret den 10.5.06 følgjande om reinseanlegg:

*Eksisterande reinseanlegg er ikkje godkjent for så mange einingar som det er lagt opp til. Kommunen skriv at ideelt sett burde utbyggar sikre at reinseanlegg kunne godkjennast før reguleringsplanen blir godkjent. Med det store bruksarealet som det kan bli opna for, er det ikkje sikkert at arealet H er tilstrekkeleg. Før det kan godkjennast reguleringsplan, må det avklarast om arealet er tilstrekkeleg og skikka sett ut frå ei maksimal*

*utbygging. I motsett fall må område H omfatte heile eller delar av område B. Det må også avklarast kor stor fare det er for forureining ved svikt i anlegget. Det er stadfesta at det godkjente anlegget som er der i dag har hatt ukontrollert utslepp.*

Oppland fylkeskommune hadde også merknader til at planen vart fremma utan at plan for reinseanlegg var utarbeidd. Kommunen tok ikkje fylkeskommunen og fjellstyret sine merknader til følgje.

Asplan Viak AS opplyser at ved noverande belegg på fjellstua blir ca halvparten av eksisterande anlegg belasta med avløpsvatn. Framtidig utbygging av fjellstua (felt A) er tenkt løyst ved bruk av den andre halvparten, eventuelt med eit mindre tillegg. Godkjent bygd areal (BYA) er i felt A tre gonger som stort samanlikna med hyttefelt B-F, 1830 m<sup>2</sup> mot 674 m<sup>2</sup>. I tillegg er felt A godkjent med over dobbel mønehøgde slik at bruksarealet fort kan bli seks gonger så stort. Ved full utbygging i felt A, vil mengda utslepp auke mange gonger samanlikna mot situasjonen i dag. Det er derfor svært vanskeleg å sjå for seg at feltet som er avsett til reinsing i reguleringsplan er tilstrekkeleg. Det er ikkje oversendt dokumentasjon eller utarbeidd plan som viser at felt H vil dekke framtidig behov ved utbygging av felt A. Syner det seg seinare at avsett arealet ikkje tilfredstillande, vil dette sannsynlegvis resultere i ny søknad om dispensasjon for endå eit nytt areal til reinseanlegg.

I sak 1/2007 gjorde fjellstyret følgjande vedtak:

*I uttale datert 10.5.06 frårådde fjellstyret godkjenning av reguleringsplanen før det var avklara om avsett areal til reinseanlegg var tilstrekkeleg. Kommunen tok ikkje fjellstyret sine merknader til følgje. Vidare tilrådde fjellstyret i same uttale at anna areal innanfor regulert område måtte brukast om avsett område ikkje var tilfredstillande. Vi har no fått den situasjonen som fjellstyret åtvara mot og det er ikkje akseptabelt at området kan bli teke i bruk bit for bit ved dispensasjonar. Etter fjellstyret sitt syn er planlagt utbygging for stor for arealet dersom reinseanlegget ikkje kan plasserast innanfor regulert område.*

*Fjellstyret tilrår at det blir stilt krav om plan for reinsanlegg for samla utbygging på Nøsen fjellstue innanfor dei rammer som ligg i reguleringsplanen og frårår at søkjaren får godkjent framlagte plan.*

Statskog skriv i e-post datert 12.2.08 følgjande:

*Vedlagt følger søknad fra Nøsen vedrørende arealdisponering i forbindelse med nytt infiltrasjonsanlegg til hyttene. Den samme søknaden uttalte fjellstyret seg til i sak 01/2007, men tillatelse fra Statskog gikk da kun ut på å gjennomføre nødvendige forundersøkelser.*

*De har nå kommet til at arealet egner seg. Ønsker fjellstyret å uttale seg til søknaden på nytt?*

I ny plan som er lagt fram er det teke omsyn til merknader frå fjellstyret om at eventuell utviding av hotellet må inkluderast i planen. Utanom dette er plan for reinseanlegg for hyttene i hovudsak lik plan som fjellstyret tidlegare har behandla.

**Vedtak:**

Fjellstyret ser positivt på at det er laga ei samla plan for reinseanlegg og har ingen nye merknader til søknaden.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.3.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog  
Nøsen fjellstue